



Notat

Dato: 28.04.2014
Arkivsak: 2014/555-7
Saksbehandlar: lisadla

Til: Fylkestrafikksikringsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Trafikksikringskonferanse for kommunane 26. nov. 2014 - programforslag

I *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017* er det vedteke at fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) arrangerer trafikksikringskonferanse for kommunane i fylket. På trafikksikringskonferansen for kommunane ønskjer fylkeskommunen å orientere om kva trafikksikringsarbeid som vert gjort på regionalt og nasjonalt nivå, og å leggje til rette for å utveksle erfaringar, samt yte kompetanseheving og meningsutveksling både for kommune- og fylkeskommunepolitikarar, samt tilsette i kommuneadministrasjonen. Det er sjølvstøtt også eit mål å gje inspirasjon til det vidare arbeidet med trafikksikring i kommunane.

Tidspunkt og stad

Dei tre føregåande åra har er denne konferansen lagt til november, og dette ser ut som eit tenleg tidspunkt. I samråd med leiar i FTU er difor onsdag 26. november sett av som konferansedato i år.

Tema på konferansen

Fylkesrådmannen har følgjande forslag til moglege tema på konferansen:

- Utdeling av årets Trafikksikringspris i Hordaland
- Nasjonalt mål om å auke talet på gåande og syklande – kva inneber det for trafikktryggleiksarbeidet?
 - Statens vegvesen
- Trafikksikringsarbeid i skulen. Resultat av kartlegging og anbefalingar. Trafikk som valfag i ungdomsskulen
 - Trygg Trafikk
- Trafikksikker kommune – kva skal til?
 - Eksempel frå ein kommune som er sertifisert som Trafikksikker kommune
- § 34 – Vegtrafikkloven
 - Folkehelseinstituttet/Helsedirektoratet/Politidirektoratet/Møre og Romsdal FTU